

---

**Fra:** Rune Bø <ru-boe2@online.no>  
**Sendt:** 9. juni 2015 20:12  
**Til:** Kjersti Flatråker  
**Kopi:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Merknader til plansak 12602012000900 Bøvågen områdeplan  
**Vedlegg:** Områdekart Bøvågen.PNG

Hei

Me som bebuarar på Nordbø i Bøvågen ser i utg.punktet positivt på boligutvikling av bygda vår. Men me ynskjer å kome med forslag til endringar angåande områdeplanen:

1. BK08 og BK09 er det teikna inn som "Bustader-Blokker". Vårt forslag vil her vera å omgjere dette til "Bustader- frittliggjande småhus".

Dette av praktiske og estetiske hensyn. Leiligheter/ blokkhus på fleire etasjer vil hindre utsyn og det vil heller ikkje passe fint inn estetisk sett, saman med dei allereie etablerte bolighusa i området.

Vårt forslag er at blokkhus evt vert plassert i enden av eit felt, ikkje midt inni.

Me vil på det sterkaste fraråde kommunen å gå for dette utkastet kor blokkhus er teikna inn på BK08 og BK 09.

2. Parkeringsområde, barnehage/ Hordabøheimen

Slik me kan sjå det, er dette tiltenkte arealet alt for lite til parkering for barnehagen og Hordabøheimen. Vårt forslag er å bruke heile den plassen/ myra som er der i dag, til dette formålet.

Ein stor felles parkeringsplass til ansatte i barnehagen, foreldre som skal levere born i barnehagen og bebuarar Hordabøheimen.

Vårt forslag er difor også å stenge vegen i krysset v/ Steinar Floen.

Vegen er overbelasta allereie i dag, og verre vert det på sikt når nordre Nordbø vert utbygd.

Mvh  
Ståle Villanger  
Arne G Aasheim  
Steinar Floen  
Eli Solheim  
Rune Bø